



Livabygget er mekanisk ferdigstilt



Masdal, Margunn Langedal
Seniorrådgiver

Ein stor milepel i byggeprosjektet er nådd denne veka. Mekanisk ferdigstilling betyr at veggjar, tak og golv er ferdiggjort, alle kablar, røyr og koplingar er installerte, og alle "dingsar" er på plass. No startar arbeidet med å teste at alt det mekaniske fungerer.




7. etasje Livabygget, etasjen til ortopedi og geriatri.

Milepelen blir markert tysdag 5. mars der Veidekke med sine arbeidarar og stab er invitert til kaffi og kake i varemottaket på Livabygget. Det er vel fortent, for Veidekke leverer på sine fristar.

Bygget er ikkje heilt ferdig

Det vil framleis vere arbeid i og utanfor bygget. Inne i bygget er arbeidet mindre omfattande. Dei tekniske anlegga skal settast i drift, programmerast, og justerast slik at dei fungerer så godt som råd. I sengeetasjene er det også vaska ned, og alle som skal inn må ha blåsokkar utanpå skoa eller gå på sokkelesten.

Utanfor huset står det igjen ein god del arbeid. Her skal det lagast område for leik, rekreasjon og parkeringsplassar. Veggen skal opparbeidast for varemottak frå store køyretøy.



Plan for uteområdet til Livabygget.

Bygging av operasjonsstovene er eit eige prosjekt

Operasjonsstovene er ein eigen byggherreleveranse frå HT Nordic AS. Ferdigstilling følger Veidekke sin framdriftsplan. Status i mars er at veggjar, tak, golv og teknisk infrastruktur er ferdig. HT Nordic vil jobbe vidare med å sette i drift og få på plass alt utstyr, både mekanisk installasjon og digital programmering, i tråd med den samla framdriftsplanen for Livabygget.